

Fullt trykk i hallen!!

24.08.2012



Mykje aktivitet i Aktivitetshuset utover hausten og vinteren.(Foto: Ola M. Mathisen)

**Vi er i siste halvdel av august, og det merkast mellom anna ved at dei faste lagsaktivitetane i bygda kjem i gang att etter ferien. Leiaren i styret for Aktivitetshuset, Michael Røssland, melder om at det er stor interesse for leige av hallen, men det er framleis opningar om nye lag og grupper skulle ha behov for hallplass til trening.**

Røssland fortel at omrent alle dagar er tinga, men ved å kontakta han er det framleis mogeleg å finna løysingar. Timeplanen viser at det særleg er plass til meir aktivitet på fredagar, lørdagar og søndagar. Han legg og til at det er mogeleg for privatpersonar å leige hallen på timebasis.

Hallen er og leigd ut fleire helger. Det er mellom anna positivt for Aktivitetshuset og bygda at Matre il. skal spela heimekampane sine i volleyball der. Styrkerommet vert og stadig meir populært, og fleire har etterkvart lagt treningar dit.

Tekst: Thor Inge Døssland.